

Vinje Løypelag årsmøte på Haugsæl søndag 17. februar 2019

1. Godkjenning av innkalling og sakliste.

Det var 10 frammøtte til møtet, og ingen merknader. Møtet er rett innkalla og vedtaksføre.

2. Rekneskap og årsmelding. Fastsetjing av kontingent.

Øystein H la fram rekneskapet for 2018. Det har kome inn meir enn forventa i grasrotandel. Det ville vera eit pluss å kunna få attende meirverdiavgifta på kostnadene. Styret må arbeide med dette. Rekneskapet syner eit overskot på kr 21.631,73 og vart godkjent. Årsmøtet vel same kontingent for 2020 òg. Kr 360,-

3. Utvikling og rydding av løypenett.

Det prioriterast graving av løypetrasear. Rundløype til Birkjebekk. Graving ved Kingland til Jordstøyl i strandsona.

4. Val.

Attval av styret ved akklamasjon. Du kan finne styremedlemslista til Vinje Løypelag i Brønnøysundregisteret.